


Øy nedre og øvre



Av Knut Raastad, april 2025



Hjå skomaker Ole Olsen, i bakgrunnen Øy. Foto frå Kjell Andersen.

Øy nedre, gnr. 21 bnr. 1

Øy nedre, oppigard (søre)

Oppsitjaren på oppigard nedre Øy i 1666 og 1668 var Thor Sylvesterson f.ca. 1604. Thord Øe vart også nemnd i koppskatten 1645. Øy var på 4 huder som tilhøyrdte kongen, i tillegg var det

ein engeplass 3 skinn som truleg var del av Kleiven (seinare nemnd som Vistekleiven). Thor hadde sonen:

Ole f.ca.1640

Kaptein Ole Brun fekk i 1671 skjøte på Øy med Kleiven engeland 4 huder 3 skinn frå assessor Nils Tolder, han kjøpte samtidig fleire andre gardar. Truleg budde han på denne garden.

Skoskatten 1711 nemnde Lars Øe. Lars f.1641 var frå Rudi son til Hans Larsen (kanskje Graffer) 1585-1672 og Anne Steinsdr. Øy Rudi f.ca.1603????? I 1719 var det skifte etter Lauris Hansen og Marit Ellefsdotter. Marit var frå Prestgard i Heidal. Lars og Marit hadde 4 barn:

Hans

Anne

Marit, neste brukar

Torø Larsdr., g.m. Johannes Larsen Bolstad, på Haugøy, g.2.m. Anders Jakobsen Austrem

Marit var gift med Arne Svendsen Mo d.1743 son til Svend Bjørnsen Mo d.1697 og Gunhild Arnesdr. d.1708. I skifte 1719 går det fram at Arne Svendsen har kjøpt Øy. Arne Svendsen vart truleg gift på nytt med Anne Larsdotter Øy d.1760 frå nigard nedre Øy dotter til Lars Olsen Øy 1609-1688 og Rønnaug Persdotter Valbjør f.ca.1620 d.etter 1695. I 1730 vart det nemnd at Arne Øy hadde rydda seg sæterbol i Randsverk der han kunne avle 2 lass høy. Arne hadde 2 barn:

Gunhild 1720-1803, ugift, broren Lars arva systema

Lars 1726-1812, neste brukar

Lars Arnesen 1726-1812 overtok etter foreldra. I 1755 la Lars Arnesen Øy attåt myr til sæterkvea si. Lars Arnesen Øy testamenterte Øy 4 huder 2 skinn og all formue til dei fattige i Vågå. I 1801 var 80 år gamle Lars nemnd som gardbrukar.

Liste over husmannspengar i 1780-1781 viser at Knut Øy da var brukar på oppigard nedre Øy. Dette må ha vore ein forpaktar hjå Lars Arnesen. Det er usikkert kven dette var, eit tips er Knut Johansen Mo 1739-1825 som seinare kom til Lye. Mor til Knut var syskenbarn til Lars Arnesen.

Simen Poulsen Øy fekk ved auksjon i 1813 tilslaget på Øy skyld 4 huder 2 skinn for 3355 Rbd. Han hadde i 1802 kjøpt oppigard nedre Øy, og vart frå 1813 eigar av heile nedre Øy.

Kjelder:

Pål Øysten Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Valbjør

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øy nedre, nigard

Sæter i søre Nysætra og Øyadalen.

Ola Larsen Øy f.ca.1570

Lars Olsen Øy 1609-1688 var brukar av Øy i 1666 og 1668, kongen eigde da 2 ½ hud 18 mrk fisk medan oppsitjaren eigde 2 huder. Koppskatten 1645 nemnde også Lars på Øy, og i 1664 vart han nemnd som gjestgjevar. Kaptein Olluf Brun fekk i 1671 skjøte frå assessor Nils Tolder på den delen som kongen hadde eigd. Lars var gift med Rønnaug Persdotter Valbjør f.ca.1620 d.etter 1695. Dei hadde 6 barn:

Erland f.1645 d.før 1695, gift

Iver d.1714, neste brukar

Ola 1648-1719, ugift

Eldri gift til Sve

Anne d.1760, g.m. Arne Svendsen Mo d.1743, på oppigard nedre Øy

Ivar Larsen Øy nedre d.1714 vart nemnd som brukar i 1711. Han var gift med Marit Svendsdr. Mo. Marit vart gift på nytt med Knut Eriksen på Brimi. Ivar og Marit hadde dottera

Rønnaug Ivarsdr. Øy f.1706

Rønnaug Ivarsdotter Øy f.1706 var gift med Knut Pålsen Tolstad 1697-1760 son til Pål Hansen Tolstad 1652-1739 og Anne Olsdr. Rusnes 1678-1732. Knut Paulsen overtok i 1727 frå svigermora jordegods i Øy slik at han vart eigar av heile garden på skyld 4 huder 7 skinn 18 mrkr. fisk. Rønnaug og Knut hadde 8 barn:

Ivar 1728-1773, ugift

Pål 1729-1812, g.m. enka Marit Andersdr. Blessom 1726-1801, Blessom, Øy og Glimsdal
Hans, neste eigar

Anne f.ca.1732 d.1820, g.m. Christen Pålsen Ellingsbø 1717-1793

Ola 1739-1796, g.m. Anne Olsdr. Kleppe s. f.1754

Marit f.1743 g.m. Ola Jakobsen Aaseng, g.2.m. Syver Eriksen

Kari 1746-1822, g.m. Ivar Iversen Sandbu n-n 1739-1819

Anne f.1746, g.1776 m. Hans Eriksen Sandbu

Iver Knutsen pantsette i 1763 garden sin Øy 2 huder 7 skinn 18 mrk. fisk.

Men i 1767 var det enkja Rønnaug Ivarsdr. som pantsette nedre Øy skyld 5 huder. I 1769 hadde Rønnaug betalt ut farsarven til barna Paul Knutsen, Hans Knutsen, Christen Poulsen, Ole Iversen, Iver Iversen Sandbu, Iver Knutsen Øy og Ole Knutsen Øy. Rønnaug selde og skjøta nedre Øy 6 huder til sonen Hans Knutsen for 3400 rd. i 1769.

Hans fekk skjøte på Øy, men selde garden til Syver Johannesen Sve i 1775. I 1776 (skjøte 1778) selde han vidare til Pål Knutsen Øy (bror til Hans), og Pål makeskifta Øy mot Glimsdal i Lom og flytte dit.

Jon Rasmussen Glimsdal f.ca.1723 d.1814 overtok i 1776 nedre Øy ved makeskifte i Glimsdal. Jon Glimsdal var son til Rasmus Jonson f.ca.1700 d.1768 frå Einarsvoll og Ingrid Gunnarsdr. sygard Sandnes f.ca.1694 d.1777 (Ingrid var fyrst gift med Tord Olsen Glimsdal d.ca.1723). Jon Rasmussen vart 1761 gift med Torø Syversdr. Sve f.ca.1741 d. 1824. Jon hadde før ekteskapet 2 barn:

Ola 1752-1755, mora var Marit Olsdr.

Torgeir 1757-1758, mora var Ragnhild Torgeirsdr. nigard Sulheim f.1734

Jon og Torø hadde 5 barn:

Rasmus f.1764, neste brukar

Gunhild f.1767, g.m. Tosten Pålsen Rottem

Ingrid 1771-1772

Syver f.1773, soldat

Ingrid f.ca.1778 d.1852, g.m. Ole Knutsen f.ca.1783 d.1866, til øvre Skår

Rasmus Jonsen Øy overtok i 1795 nigard nedre Øy med Jønndalen og Holongsøyen på 5 huder frå faren for 1999 rd. Rasmus Jonsen kjøpte i 1803 øvre Bjørnstad 2 huder for 1500 rd. og familien flytte dit. Rasmus vart i 1788 gift med Anne Rolvsdotter Skrinde 1763-1800, dei hadde 7 barn:

Thore f.ca.1788

Jon f.1790

Rønnog f.1791

Rønnog f.1792

Ingri f.1794

Gunild f.1796

Mari 1799-1800

Rasmus Jonsen selde i 1802 Øy med Jøndalen og Holongsøyen skyld 5 huder til Nils Guttormsen Graffer for 4500 rd. Nils d.y. Guttormsen Graffer f.1775, son til Guttorm Graffer 1734-1801 og Rønnaug Nilsdr. Skrinde 1740-1801. Nils var gift med Toline Larsdr. Andvord 1779-1847 i hennar tredje ekteskap, dei hadde ikkje barn.

Nils Guttormsen f.1775 selde i 1804 nedre Øy til Simen Poulsen Viste for 4500 rd. Simen Pålsen Tolstad Viste Øy 1767-1849 var son til Pål Hansen Tolstad 1736-1812 og Marit Pålsdr. Tofte 1733-1804. Simen kjøpte ca. 1797 nigard Viste. Simen vart gift med syskenbarnet Ragnhild Iversdr. Fellese 1770-1848, dotter til Iver Christensen Fellese f.1735 og Anne Pålsdr. Tofte f.1736. Simen og Ragnhild hadde 9 barn:

Anne f. 1795, g.1830 m. Øistein Pedersen Sandnes n. 1770-1844

Mari f. 1797, g.m. Pål Olsen Andgard (Dovre) f.1800, hans andre ekteskap

Pål 1799-1863, g.1848 m. Imbiør Eriksdr. Siem f.1821 d.før 1865

Kari 1800-1841, g.1840 med Pål Olsen Angard, hans fyrste ekteskap, dei hadde dottera

Mari som vart gift til Håkenstad
Barbro 1802-1895, g.m. Hans Jonsen Valde n. f.1806, på nordgard Valde
Iver 1805-1856, det kan vera han som forpakta Viste i 1824, neste brukar
Guri 1808-1856, ugift
Tor 1809-1854, g.m. Anne Olsdtr. Viste oppigard f.1821, på nigard Viste
Hans 1811-1847, ugift, Sandnes

Iver 1805-1856 overtok nedre Øy etter faren. Han fekk skjøte frå Simen Paulsen og avdøde sønns bu i 1849. Iver vart i 1855 gift med Ragnhild Thorsdtr. Svare 1836-1858, dei hadde 1 barn:

Simon Hermann f.1856,
Før ekteskapet hadde Iver med Gunhild Jacobsdtr. Blessomeie dottera
Mari f.1852
Med Rønnaug Syversdtr. Ryen f.1820 hadde han sonen
Iver f.1853, Rønnaug budde i 1865 som ugift husmann på Volden under Øy

Enkja Ragnhild Thorsdotter 1836-1858 vart gift på nytt med Tore Hansen Soleglad 1824-1900 frå Dombås. Etter at Ragnhild døydde gifta Tore Soleglad seg i 1859 opp att med syster hennar Kari Thorsdotter Svare f.ca.1832 d.1860. Etter at ho døydde gifta han seg med ei tredje syster Anne Thorsdotter Svare 1838-1870. Tore Hansen som var veginspektør vart gift på nytt i Finnmark i 1871.

I 1865 var Christoffer Hole f.1820 d.før 1875 frå Lesja forpaktar på Øy nedre søre. I 1875 var familien som sjølveigarar på nördre Stade. Christoffer og Marit f.1820 på Lesja hadde 6 barn, dei tre yngste vart fødde i Grytten:

Johan f.ca.1845
Mariane f.ca.1846 d.1867
Hans f.ca.1848
Benjamin f.1852
Jacob f.1854
Christoffer f.1860

I 1875 var Simen Hermann Øy brukar og eigar, og det vart opplyst at han har tiltrådt eigedommen siste året. Simen Herman Iversen Øy vart fødd i 1856 og vart eigar av Øy etter faren som døydde same året som Simen vart fødd. Bestemora Kari Pedersdotter styrde huset i 1875 medan stebestefaren Ole Iversen Svare f.1818 også budde der samtidig med at han var eigar og brukar av Svare. Simen Hermann reiste til Oslo i 1887 og seinare til USA.

I 1877 vart søre og nedre Øy samanføyd i eitt gnr./bnr. I 1882 var det salgsbrev frå Simen Øy til Paul Hansen Øy på nedre Øy for 48000 kroner, skjøte vart tinglyst i 1883. Paul Hansen Øy hadde også Gardsøy og nedre Bjørnstad. I 1883 fekk lensmann Listad og Kristen Ellinsbø pant (skadesløsbrev) i nedre Øy og nedre Bjørnstad for kr 22000, og i 1888 tok Vågå sparebank utlegg i baae gardane for kr 20525.

Lensmann Edvard Listad overtok nedre Øy, truleg i 1889, og i 1890 tinglyste han ein låneobligasjon på 16000 kroner. I folketeljinga i 1900 var Edvard Listad f.1843 lensmann og gardbrukar på Øy søre nedre, han var fødd på Lillehammer. Syster hans Inga Hanestad f.1861 var husbestyrarinne.

I 1908 var det auksjonsskjøte på nedre Øy gnr. 21 bnr. 1 til Iver Jøndal 1872-1938 frå Dovre for kr 31200,-. Søre Øyvolden gnr. 21 bnr. 6 vart frådelt i 1907 med skjøte i 1908 frå Iver Jøndal til Anne Bjørndal for kr 7875, dette har sidan følgd Sve. Bustykket gnr. 21 bnr. 8 vart frådelt frå nedre Øy i 1907 med skjøte til Nils Amundsen i 1908 for kr 2300, dette vart dermed saman med nørde Blessomøyen. Iver var gift med Kari Lunde nordgard 1877-1943 dotter til Johannes Hansen Lunde 1836-1922 og Marit Olsdtr. Svare 1849-1937. Iver og Kari hadde 4 barn:

John 1905-1997, neste brukar

Simen 1907-1981, g.m. Ragnhild Bergestuen

Kristian 1910-1994, g.m. Ragnhild Garstad

Oskar f.1912, g.m. Hanna Holen f.1913. På Solbu som vart utskild frå Øy som eit eige gardsbruk.

John Jøndal fekk skjøte frå mora i 1942. Han vart i 1942 gift med Arnbjørg Garstad 1901-1964 frå Vang i Valdres. Jon vart gift på nytt i 1968 med Synnøve Askestad Andersen f.1908 frå Strømmen på Romerike.

Forpaktarar 1960-1976 var Olaf Nordgård g.m. Agnes Remmen 1919-1982 baa frå Marstein i Romsdal. Dei hadde 7 barn:

Astrid f.1943

Gunn f.1947

Magnhild f.1951

Odd Arvid f.1952

Geir f.1958

Knut f.1959

Nils f.1961

Forpaktarar 1976-1982 var Ola Magne Hjellum f.1946 g.m. Solvor Svendsen f.1946 frå Sør-Fron. Dei hadde 3 barn:

Sjur Ivar f.1969

Gunn Kari f.1972

Ola Simen f.1974

Forpaktarar 1982-1987 var Ola Lusæter f.1956 og Liv Mari Rindsæter f.1960, dei har sonen:

Lars André f.1984

Forpaktarar 1987-1991 var Joar Randen f.1963 g.m. Else Marie Mork f.1965, dei har 2 barn:

Randi Merethe f.1983

Asgeir f.1987

Etter at Synnøve Jøndal vart borte har familien etter Oskar Jøndal f.1912 g.m. Hanna Holen f.1913 overteke Øy. Kari Jøndal f.1946 g.m. Ragnar Bjertnæs f.1946 har døtrene Ragnhild f.1985 og Mari f.1986. Ragnhild Jøndal Bjertnæs fekk skjøte på Øy i 2012.

Roe gnr. 21 bnr. 13 Vågåvegen 25 vart frådelt frå Øy i 1933 med skjøte frå I J Jøndal og hustru til lensmann K I Haugen for kr 2000,-. I 1967 var det skjøte frå K I Haugen til Asbjørn Kvitrud. I 1979 var det skjøte til Hans Knutsen f.1941.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, slekten på Tolstad

Jon Kolden, 2007: Bygdabok for Lom bind 4

Bygdabok for Dovre

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Solbu

Øvre delen av jordet på Øy vart i 1942 frådelt som Solbu gnr. 21 bnr. 19 som eit nytt gardsbruk med skjøte frå Kari Jøndal til sonen Oskar Jøndal, verdi vart sett til kr 5000,-. Oskar f.1912 var frå Øy, son til Iver Jøndal, Dovre 1872-1938 og Kari Lunde nordgard 1877-1943. Oskar vart 1945 gift med Hanna Holen f.1913 dotter til Knut Haugen og Ragnhild Holen. Oskar og Hanna hadde 1 barn:

Kari Ingebjørg f.1946, neste brukar

Kari overtok i 1975, ho vart 1977 gift med Ragnar Bjertnæs, Ringerike f.1946 son til Håkon Bjertnæs f.1912 og Gudveig Bjertnæs, Jevnaker f.1910. Kari og Ragnar har 2 barn:

Ragnhild f.1985, til Øy

Mari f.1986

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Damstugu

Ole Olsen Øjseiet f.ca.1789 d.1857 vart 1819 gift med Anne Nilsdotter Øjseiet 1796-1861.

Ved barnefødsler vart dei nemnde som Øjseie frå 1819 og som Damstuen frå 1834, men dette kan vera det same. Ole og Anne hadde 7 barn:

Rannej f.1819
Mari f.1822
Mari 1825-1898, g.m. Knut Jakobsen Ruskeløkken 1825-1891
Ole f.1828
Ole f.1829, neste brukar
Ingri f.1834
Anne f.1841

I 1865 og 1875 var Ole Olsen Damstuen f.1829 husmann med jord. Ole vart 1854 gift med Anne Larsdotter Lundeeie f.1830, dei hadde 12 barn:

Ole f.1855
Anne 1856-1857
Kari f.1858
Anne f.1859
Hans f.1861
Eline f.1863
Anders f.1865
Lars f.1868
Kristoffer f.1870
Mari 1873-1874
Ole 1875-1878
Mari 1878-1878

Ein annan Ola Damstuen dreiv Damstugu frå 1902. Ole Brekken Damstuen f.1871 var i 1910 snekker og husmann, han var gift med Rønnaug Skjellum f.1875. Ole og Rønnaug hadde 10 barn:

Johannes 1898-1984, neste brukar
Anna f.1900, g. Randen
Iver f.1903
Ola f.1905
Johan f.1907
Hans f.1908
Imbjør f.1910
Inga g. Bråten
Barbro g. Eide
Ragnhild g. Randen

Johannes Damstuen overtok etter mora i 1944. Damstugu gnr. 22 bnr. 17 som er der bustadhuset står vart frådelt frå Gardsøy i 1934 med skjøte frå Mari Øi til Johannes Damstuen d.e. for kr 200. Johannes var gift med Eline Øvre 1905-1992, dei hadde 1 barn:

Randi 1935-1996

Randi Damstuen overtok etter faren i 1990. Da vart Damstugu gnr. 21 bnr. 48 frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Nuggeflate gnr. 66 bnr. 52, Nuggevegen 15 vart frådelt frå Damstugu i 1992 med skjøte til Inger Mette Landheim f.1965 og Ole Anton Tøfte f.1961.

Led gnr. 21 bnr. 53, Nuggevegen 13 vart frådelt frå Damstugu i 1992 med skjøte til Gunhild Mo Øygarden f.1927 og Kristen Øygarden f.1927.

Volden

Under Øy gnr. 21 bnr. 1

Rønnaug Syversdotter Ryen f.1820 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Rønnaug var dotter til Syver Andersen Sve 1789-1855 og Tore Larsdtr. Hovde f.1797. Rønnaug var ugift og hadde med eigaren på Øy, Iver Simensen 1805-1856 1 barn:

Iver Iversen f.1853

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, Tolstadslekten

Volden

Under Øy gnr. 21 bnr. 1

Lars Christensen Øiseiet f.ca. 1806 var son til Christen Knudsen Øiseiet. Lars vart 1838 gift med Mari Jacobsdotter Skjennaeiet, Sel f.ca.1813 dotter til Jacob Olsen Daleeiet. Lars og Mari budde på Skjellum, Krokum og Brustugu, før dei i 1847 var på Øiseie som kan vera her. Pål Flatum meiner at dette låg sør for Volden gnr. 21 bnr. 2. I 1865 budde Lars og Mari på Blessemeie, han var da landhandlar utan jord. Lars og Mari hadde 5 barn:

Peder 1837-1839

Christen 1840-1896, neste brukar

Peder 1842-1850

Guri f.1845, på Volden i 1865

Jacob f.1847, på Volden i 1865

Kristen Larsen 1840-1896 var i 1865 og 1875 husmann utan jord, i 1875 murar og minerer.

Kristen vart 1866 gift med Mari Paulsdotter Bakken Keggrudeie, Heidal f.ca.1830 d.1920 dotter til Paul Arnesen Keggrudeie. Kristen vart nemnd som Flatum i 1894, men var truleg kome der før. Kristen og Mari hadde 4 barn:

Mari f.1864

Kari f.1868, g.m. Clark, til England

Paul f.1871, g.1894 m. Anne Johannesdtr. Sveen f.1866, til Flatum

Johan f.1873, g.1915 m. Ragnhild Syversdtr. Dalestuen f.1865, g.2.1924 m. Marit J Skjellum f.1884, til Odden

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker

Ivar Viste Flatum, Årbok for Gudbrandsdalen 2007: Renessansemennesket på Klones

Øyløkken og Volden

Gnr. 21 bnr. 2

I artikkel om offiserar i Vågå står det at Ulrich Freiderich Storm Abelstad bygsla plassen Wolden under Øy, det kan ha vore her. Abelstad var kaptein i Vågske komani frå 1803, han døydde i 1808 på Volden. I 1807 går det fram at kaptein Abelstad hadde Sundlien. Før Vågå var han i Danmark, Fron, Hedmark og Ullensaker, i 1801 budde familien i Løten. Ulrich Freiderich Storm Abelstad, Nittedal 1759-1808 var son til major Hans Abelstad og Sofie Magdalena Storm. Abelstad vart 1788 gift med Anne Maria Finckenhagen, Brevik 1763-1839 dotter til prest i Slidre Niels Finckenhagen og Christine Lund. Ulrich og Anne Marie hadde 8 barn, bl.a.:

Christiane Sophie 1788-1854, g.m. Johan Cornisch Heyerdahl g.2.m. Christian O Haukebøl
Hedevig Nicolaia 1790-1872 g.m. Niels Gran

Louise Maria 1792-1793

Hans Christian 1793-1846 g.m. Margrethe Akermand, g.2.m. Marha Anne Einarsdotter
Uldricha f.ca.1800

Johan Henrik 1802-1841 g.m. Olea Due

Øiløkken og Volden vart overdrege frå fattigkommisjonen til krigsråd A M Lundh i 1820. Fattigkomisjonen fekk i 1812 oppigard (søre) Ner-Øy ved testamente i 1812, og garden vart seld i 1813. Men det ser ut til at to jordstykker Øylykkja og Øyvolden ikkje følgde med, desse vart i 1819 frådelt som 3 skinn av matrikkelen på Øy. Andreas Molbech Lundh 1787-1867 var son til kapellan i Fron Peder Gregersen Lundh 1789-1827. Andreas var gift med Anne Marie Bjerregaard 1793-1878 dotter til sorenskrivar Mads Bjerregaard 1761-1831. Andreas og Anne Marie budde på Kræmarsandbu og Øiløkken/Volden. I 1865 budde dei på Volden som da vart registrert som ei eige eining, men som kanskje var ein føderådssdel av Øyløkken/Volden. Andreas og Anne Marie hadde 12 barn (alle med etternamn Lundh):

Peder Wilhem 1814-1814

Mads Bjerregaard 1815-1856, gm. Guri Johannesdtr. Sæta f.ca.1826, ho til Christiania 1856
Anne Marie 1817-1867
Petter Halfdan 1820-1886, neste brukar
Sverre 1823-1855
Alette 1825-1835
Reidar 1827-1828
Reidar f.1829, g.m. Mari Olsdtr. Sandbu f.1836, til Blessom-Øyen
Barbra Margrethe 1831-1831
Andrea 1832-1850
Henrik Anker 1833-1901
Thorvald 1839-1891

I 1855 var det skjøte frå A M Lundh til sonen Peter Lundh for 350 spd. Petter Halfdan Lundh 1820-1886 vart 1850 gift med Imbjør Runningen 1821-1871 dotter til Johannes Christensen Runningen og Ragnhild Martinsdtr. Petter og Imbjør hadde 8 barn (alle med familienamn Lundh):

Anne f.1845
Ragnhild f.1848
Andreas Molbech 1851-1930
Johannes f.1852
Aletta Dorthea f.1855
Henrik Bjerregaard f.1858
Andrea Marie 1860-1917
Petronelle Elisabeth f.1863

I 1875 var det skjøte frå Peter Lundh til Hans Hole for 970 spd. Roplussen gnr. 21 bnr. 7 vart frådelt frå Øi i 1907 og med skjøte til Hans Chr. Hole i 1910 for kr 2000. Hans Christophersen Hole 1849-1929 var son til Christoffer Hole f.1820 d.før.1875 og Marit f.1820 frå Lesja. Hans vart 1873 gift med jordmor Anne Iversdotter Hole, Skjåk 1842-1913. Før 1875 var dei på Øy der foreldra hans forpakta garden. Hans og Anne hadde 5 barn:

Christopher f.1873, neste brukar
Ragnhild f.1875
Marit f.1877
Magnhild 1879-1894
Inga Marianne f.1883



*Volden /
Stykket. Foto
frå Erik Holø.*

I 1916 var det føderådsbrev frå Kristoffer Hole til Hans Chr. Hole. Same året var det skifte i buet etter avdøde Marit Hole og attlevande mann Kristoffer Hole. Marit Hole f.1882 var frå Skjåk. I 1931 fekk Kristoffer H Hole skjøte frå Hans Holes samtlige arvingar for kr 5713.

Marit og Kristoffer hadde 2 barn:

Aslaug 1905-1999, neste brukar

Magnhild f.1909

Kristoffer Hole vart 1916 gift på nytt med Guri Steinarsdotter Storvik m. f.1875.

I 1931 var det skjøte frå Kristoffer Hole til svigeronen Gustav Fjerdingsren for kr 9500 inkl. lausøyre. Aslaug Hole 1905-1999 var gift med Gustav Fjerdingsren 1896-1977 son til Christen Gudbrandsen Fjerdingsren 1864-1952 og Marit Olsdtr. Ekre 1873-1961. Aslaug og Gustav hadde 4 barn:

Magnhild f.1928, neste brukar

Kjellfrid f.1931

Åse f.1934

Marit f.1944, g.m. Arne Bjørnstad

Magnhild f.1928 vart 1954 gift med Erik Holø f.1928 son til Andreas Holø, Lom f.1895 og Erikka Bergdølmo, Heidal f.1903. Erik Holø overtok etter svigerfaren i 1963. Magnhild og Erik har 3 barn:

Astrid f.1955, g.m. Brian Anthony Farrely

Kristoffer f.1958, neste brukar

Gorm f.1960, g.m. Bente Ertsgaard

Kristoffer Holø er gift med Reidun Marie Rannstad, dei har 1 barn:

Marie f.1990

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, Tolstadslekten

Gunnar Ottosen og Knut Raastad, Jutulen 2012: Bjerregaard og Lundh i Vågå

Gunnar Ottosen, Jutulen 2017: Offiserer nevnr/bosatt i Vågå 1625-1882

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Volden – Stykket

I 1865 var Gudbrand Olsen f.1819 husmann utan jord på Volden, i 1875 var han inderst og dagarbeidar og registrert som hushaldning nr. 2 på Øiløkken og Volden. Gulbrand Olsen Lien son til Ole Gulbrandsen Lien vart 1850 gift med Ingeborg Hansdotter Øiseie f.1826 dotter til Hans Hansen Øiseie. Gulbrand og Ingeborg vart ved fødselar nemnd på nedre Øiseie frå 1849 og på Stykket frå 1859, men truleg er dette same plassen. Dei hadde 8 barn:

Ole f.1849, til Øksnes i Nordland

Mari f.1851, til Fræna

Anne f.1854, til Fræna

Hans f.1859, til Amerika. Hadde med Anne Skjellhaugen 1859-1955 sonen Hans f.1881

Iver 1861-1863

Iver 1863-1943, til Amerika 1884, g.m. Anne Olsdtr. Barbrostugu 1868-1960.

Imbjør 1863-1868

Anders f.1868

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Volden under Volden

I 1865 og 1875 var Anders Larsen f.1832 husmann utan jord under Øyløkken/Volden. Det er ikkje kjend akkurat kvar dette var, men husmann utan jord betyr at det var ei stugu på grunnen til Volden. Anders Larsen Sandbueie var son til ugifte Lars Christensen Skjellum og Marit Larsdtr. Qviten. Anders vart 1860 gift med Brit Olsdotter Blankenborg f.1832 dotter til Ole Olsen Blankenborg og Brit Jakobsdtr. f.ca.1807. Anders og Brit var ved barnefødsel på Sandbueie i 1860 og frå 1864 på Volden under Stykket. Anders og Brit hadde 5 barn:

Syver f.1857, utflytt til Strinda 1880

Kari f.1859

Mari f.1864, utflytt til Trondhjem 1885

Ragnhild f.1868, utflytt til Trondhjem 1883

Ole f.1873, utflytt til Meråker

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Volden

I 1865 var den ugifte Ymbjør Andersdotter f.ca.1833 husmann utan jord under Øyløkken/Volden. Ho hadde 2 barn:

Rannveig Thoresdotter f.ca.1857

Thor Olsen f.ca.1863

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Møllbakk gnr. 21 bnr. 15, nå Vågåvegen 30, vart frådelt frå Øy med skjøte i 1939 til O P Haakenstad. Sonen Trygve overtok i 1957, og sonen hans, Steinar Håkenstad overtok i 1984. Det var mølla som stod her. Gnr. 21 bnr. 43, nå Industrivegen 25, vart frådelt frå Møllbakk med skjøte frå Trygve Håkenstad til dottera Åse Håkenstad i 1984.

Simenrud gnr. 21 bnr. 18, nå Vågåvegen 28, vart frådelt frå Øy med skjøte i 1942 frå Kari Jøndal til sonen Simen Jøndal d.1981. Enkja Ragnhild fekk tinglyst uskifte i 1981 og sonen Kåre overtok i 1992. Gnr. 21 bnr. 60, Industrivegen 19, er frådelt seinare.

Grønvold gnr. 21 bnr. 21, Industrivegen 1, vart frådelt frå Øy i 1945. I 1953 var det skjøte frå John Jøndal til broren Kristian Jøndal f.1910. Det er i ny tid bygd fleire bustader på tomta med adresser Industrivegen 7, 13 og 15.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Øvre Øy – Gardsøy, gnr. 22 bnr. 1

Ivar Åsmundson på Sandbu var eigar av Gardsøy. Han hadde sønnene

Pål

Sjugurd

Ola

Etter noko bytte vart Sjugurd eigar og brukar av Gardsøy (1630-1663), koppeskatten 1645 nemnde Siver. Syver 1595-1675 var gift med Gunhild Trondsdotter Valbjør f.ca.1600 skifte 1687, dei hadde 6 barn:

Tjøstol 1632-1695, neste brukar

Iver f.1649 d.etter 1695

Eli f.ca.1640/45 d.før 1695

Barbra d.etter 1695

Jungeleff d.etter 1695

Maritt d.etter 1695

Tjøstol Syversen 1632-d.ca.1695 overtok etter faren. Tjøstol hadde ikkje barn.



Gardsøy. Foto frå Hans Joramo.

Eigar frå 1695 var Sjugurd Jakobsen Valbjør d.1720, son til Jakob Gunnarson Fellese og Eli Persdtr. Valbjør (Gunhild Trondsdotter 1600-1687 var tanta til Eli Persdotter). Syver Jakobsen var gift med Kari Nilsdtr. Øy d.1714, dei hadde 3 barn:

Syver f.ca.1697, neste brukar

Eli f.ca.1702

Ingrid f.ca.1709

Syver Syversen f.ca.1697 d.1752, g.m. Anne Pedersdtr. f.ca.1694 d.1780. Syver fekk i 1721 skjøte på 1 hud i Øy for 125 rd. frå Ingebor Oldstr. som var utlagt til henne på skifte, han eigde før 6 skinn og vart dermed eigar av 1 ½ hud. I 1722 fekk Syver feste på 1 hud med bygsel frå Jon Kleppe, og i 1736 fekk han skjøte på dette frå Tjøstel Jonsen Kleppe og syskjena hans. Så i 1738 fekk Syver skjøte på 6 skinn i øvre Øy frå systrene sine Ingrid Siversdtr. og Eli Siversdtr., jord som dei hadde ervt etter skiftebrev i 1714. Syver og Anne hadde 2 barn:

Kari f.1723, neste brukar

Marit f.ca.1743

I 1751 selde og skjøta Siver Siversen Øy garden sin Øy skyld 2 ½ hud med Skårvang engeland skyld 2 skinn for 700 rd. til svogeren (må vera svingersonen) sin Peder Lassesen, Siver og kona Anne skulle ha føderåd. Kari Syversdotter f.1723 var g.1.m. Nils Pedersen Berstad d.1744 frå Stryn, klokkar i Vågå, dei hadde 1 barn:

Marit f.1744, g.m. Kristen Jakobsen Stadheim f.1734

Kari Syversdotter vart g.2.m. Per Lassesen Ringdal, Stranda 1718-1780, dei hadde 7 barn:

Nils 1749-1814, g.m. Marte Knutsdtr. Ringdal 1749-1814

Lars f.1751

Syver 1753-1839, g.m. Marte Knutsdtr. Korsbrekke 1753-1817

Malene f.1756, g.m. Arne Arnesen Ljøvik f.1756 Stranda

Amund 1759-1822, g.1.m. Sisilie Larsdtr. Hellesylt 1757-1803, g.2.m. Malene

Klementsdr. Kirkeeide 1763-1829

Anne f.1761, g.m. Ole Ivarson Tryggestad f.1756, Stranda

Peder 1763-1765

I 1753 var det skjøte på øvre Øy skyld 2 h 6 sk til sorenskrivar Carsten Haurids som hadde betalt til Peder Lassesen dei 1340 rd. dei var samde om i 1752. Carsten Hauritz 1714-1761 var sorenskrivar 1751-1761, han var son til Maren Tostensdtr. og Nils Hauritz 1684-1757 som var sorenskrivar 1731-1751. Carsten vart 1743 gift med Anne Sophie Munch d.ca.1761 dotter til presten Anders Munch 1668-1737 og Else Cathrine Stockfleth 1672-1757. Anne Sophie var fyrst gift med Jacob Jacobsen Schmidt d.1742 (bror til Henrik), Anne og Jacob hadde 1 barn:

Else Christine, g.m. Bernt Bredahl, hytteskrivar

Etter at Haurits døydde vart øvre Øy i 1762 seld til Markus Mecklenborg, han var Kongeleg Holtz Førster for Nord-Gudbrandsdalen.

Markus Mecklenborg selde i 1767 Gardsøy til Torstein Ivarson for 2100 rd. Torstein Håkenstad f.1707 var frå nordgard Kleppe, son til Ivar Torsteinsen Kleppe 1652-1729 og Guri Olsdr. Hjelle, Dovre 1664-1751. Torstein var gift med Kari Torsdotter Lunde s.

Torstein Håkenstad selde i 1776 Gardsøy til Lars Johansson på oppigard øvre Øy. Lars Johannessen Øy (Haugøy) f.ca. 1717 d.1802, son av Johannes Larsen Bolstad og Tora Larsdr. Øy nedre. Lars g.1.m. Kari Iversdr. Kvarberg n. 1721-1753, dei hadde 2 barn:
Johannes 1745-1749

Johannes f.1751 (truleg død før 1766)

Lars g.2.m. Torø Hansdr. Valde n. d.1758, dei hadde 1 barn:

Kari f.1755

Lars g.3.m. Åste Tjøstolvdr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802, dei hadde 5 barn:

Imbiør 1761-1851, g.m. Nils Fredriksen Strand n. 1764-1854, på Strand n.

Anne 1763-1850, neste brukar

Johannes 1766-1842, g.m. Barbro Tordsdr. Harildstad 1769-1816, på Haugøy

Rønnaug 1769-1844, g.1792 m. Pål Tordsen Harildstad 1764-1843 (Eidsvollmann), Åmot

Tora f.ca.1774, g.m. Iver Iversen Sandbu n-n 1769-1847, på Sæta

Anne 1763-1850, g.1780 m. Ole Tordsen Harildstad 1758-1831 son til Pål Hansen Tolstad 1736-1818 og Berte Syversdr. Aasaaren 1739-1772. Ole Tordsen fekk skjøte på 3 huder i Gardsøy i 1789. Anne og Ole hadde 8 barn:

Tord 1780-1838, g.1.m. Kari Olsdr. Lunde nig. 1758-1822,

g.2.m. Anne Pålsdr. Storvikseie f.1798, Tord overtok nordgard Storvik frå faren i 1810, og var føderådsmann på Storvik da han døydde i 1838.

Hans 1784-1875, neste brukar

Berthe f.1788 d.mellom 1832 og 1850, g.m. Ole Andersen Prestgard f.1779, til Romsdalen i 1829

Lars f.1790 d.før 1832, ugift

Syver 1792-1875, g.1820.m. Eldri Olsdr. Storvik s. 1791-1850, kjøpte Faukstad nørdr
Ole 1796-1818

Pål 1799-1842, g.m. Anne Christensdr. Ellingsbø 1801-1866, overtok Storvik n. etter broren i 1825.

Babro f.1806, g.m. Knut Olsen Svareplassen f.1813, i 1865 i Siemsbakken

Lars pantsette i 1776 baae Øver-Øy-gardane som 6 huder.

Ole Tordsen Harildstad 1758-1831 gjorde i 1810 makeskifte med klokkar Anders Viborg Jonsen Storvik 1775-1830 slik at Anders Viborg overtok Gardsøy for 2000 rd. og Ole Harildstad overtok nordgard Storvik. Eldste sonen Tord Olsen overtok like etter Gardsøy frå Anders Viborg for 2600 rd., men same året overtok nesteldste sonen til Ole, Hans Olsen, Gardsøy frå broren for 1000 rd.

Hans Olsen Øy 1784-1875, g.m. Barbro Pålsdr. Blessom n. 1795-1869 dotter til Pål Pålsen Tolstad 1763-1847 og Rønnaug Eriksdr. Blessom 1759-1847. Tørrstugulykkja er ½ hud som

vart overteke frå Haugøy (åker og eng som låg sør for Nugga), Hans Olsen Øy kjøpte dette i 1815 for 800 rbd. av onkelen Johannes Larsen på Haugøy. Hans og Barbro hadde 5 barn:

Anne f.1817, g.m. Tor Olsen Viste m. f.1815, på Einangen i 1865

Ola 1820-1884, g.1857.m. Ingebjørg Syversdr. Øy Faukstad 1831-1917, overtok

Mæringsdalen på Murudalen som før dette vart brukt som sæter til Gardsøy

Pål 1824-1921, neste brukar

Thor 1826-1841

Rønnaug 1831-1921, g.m. Iver Hansen Lunde u. f.1819, selde oppigard Lunde til nigard.

Pål Hansen Øy 1824-1921 overtok etter faren i 1857. Pål var g.m. Mari Kristensdr. Bjørnstad n. 1836-1903, dotter til Kristen Pålsen Bjørnstad 1796-1866 og Anne Olsdr. Sandbu u-s 1806-1885. I 1865 budde familien på nedre Bjørnstad, medan systera Rønnaug var hushaldar på Gardsøy. I 1875 var familien på Gardsøy, men den eldste dottera Anne var da på Bjørnstad. Pål og Mari hadde 3 barn:

Anne f.1858, g.m. Ola Knutsen Stokstad f.1854, til USA

Pål 1859-1859

Mari 1872-1946, neste brukar

Mari 1872-1946 ved verge Kristen Storvik (Ellingsbø, syskjebarn til faren Pål) overtok etter faren i 1884, kjøpesummen var kr 6265. Pål måtte også selja Bjørnstad og Ner-Øy denne tida. Mari var gift med Jakob Hansen Tho 1869-1922 son til Hans Iversen Taug f.1844 og Guri Johannesdr. f.1848. Mari og Jakob hadde 1 barn:

Anne 1892-1969, neste brukar

Anne 1892-1969 overtok Gardsøy etter mora i 1946. Anne var ugift og testamenterte Gardsøy til gamleheimen i Vågå.

Eigar 1970-1993 var Vågå kommune v/Vågåheimen.

Einar J Bakken f.1936 kjøpte Gardsøy i 1993, og har brukt jorda i tillegg til Skålen der familien bur. Husa på Gardsøy vart seinare frådelt og seld til fortidsminneforeninga som seinare selde til Edel Aas og Terje Marstein.

Kjelder:

Pål Øysten Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slektene på Tolstad, Valbjør, Kleppe

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Ivar Teigum, Årbok for Gudbrandsdalen 2011: Eit statussymbol i Vågåkyrkja

Gunnar Ottesen, Jutulen 2009: Sorenskriver i Nord-Gudbrandsdalen

Gunnar Ottesen, Jutulen 2011-2012: Prester i Vågå sogn

Volden

Under Gards-Øy gnr. 22 bnr. 1

I 1900 budde den ugifte Gunhild Volden f.1844 på Volden under Gards-Øy. Ho budde saman med dottera Ragnhild dottersonen Johan. Gunhild Jacobsdotter Sveeie f.1844 hadde med John Larsen Vistekleiven f.1859 2 barn:

Rønnoug f.1879

Ragnhild f.1880

Ugifte Ragnhild f.1880 hadde med Anders Olsen Sveen f.1880 1 barn:

Johan f.1900

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gaardsvollen

Under Gards-Øy gnr. 22 nr.1

I 1900 var Johannes Syversen Dalestuen 1854-1926 busett på Gaardsvollen. Johannes var son til Syver Nilsen Dalestugu 1828-1904 og Guri Johannesdtr. Runningen 1826-1912. Johannes var gift med Marit Johannesdotter Blindstugu, Sel 1855-1931 dotter til Guri Andersdtr. Blindstugu og Jehans Hansen Berget. Da Guri døydde i 1920 vart det opplyst at ho var fødd i Damstugu, dermed ser det ut til at dei budde i Damstugu eller i ei stugu like ved. Johannes og Marit hadde 3 barn:

Syver f.1880

Ymbjøer 1899-1976, g.m. Torstein Olsen Steinstugu 1895-1972, til Flaten

Guri 1899-1920

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Jakup Skjedsvoll: notat om Jehans Dalestugu

Gaardsvolden

Under Gardsøy gnr. 22 bnr. 1

I 1900 var dette nemnd som Gaardsvolden, i 1910 hus ved Nugga. Ole Olsen 1857-1940 var skomaker, han var frå Skomakerstugu undr nørdrre Svare. Ole var g.m. Anne Syversdtr.

Sveaholen 1861-1950 dotter til Syver Pålsen Sve 1808-1869 og Anne Olsdotter Øyagarden 1827-1893. Dei dreiv også kafe. Ole Olsen og kone fekk i 1900 husmannsfeste på eit jordstykke frå Gardsøy. I 1913 vart Gaardsvolden frådelt frå Gardsøy som gnr. 22 bnr. 6 med skjøte til skomaker Ole Olsen for kr 200,-. I 1915 fekk han skjøte på eit jordstykke Vold gnr. 22 bnr. 7 frå Haugøy for kr 95,-, og i 1931 fekk han skjøte på Volden 2 gnr. 22 bnr. 15 frå Haugøy for kr 684,-, dette utgjorde 274 kvm. Ole og Anne hadde 1 barn:

Ragnhild Olsen f.1897, ugift

Ragnhild Olsen overtok i 1953. I 1955 var det skjøte til Ole K Randen 1900-1964. Ragnhild Randen fekk hjemmel ved uskifte i 1964.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Eirik Haugen

Nuggestugu

Under Gardsøy gnr. 22 bnr. 1

I 1865 var Arne Johannesen f.ca.1824 husmann med jord. Arne Johannesen Blesumeie son til Johannes Olsen Blesumeie vart 1851 gift med Marit Enersdotter Stenen f.ca.1827 dotter til Ener Christensen Stenen. Ved barnefødsel var dei i 1853 på Sæta og frå 1855 på øvre Øiseie som kan vera her, i 1868 er det nemnd Jensstuen. Arne vart registrert som utflytt til Amerika i 1868. Arne og Marit hadde 9 barn:

Johannes f.1851

Anne f.1853

Ole f.1855

Anne Mosine f.1857

Thor 1860-1860

Thor 1861-1861

Iver f.1863

Gunild 1865-1866

Thor f.1868

I 1875 budde Jacob Knutsen Klonesbakken 1839-1928 i Nuggestuen. Jacob son til Knut Pedersen Klonesbakken vart 1877 gift med Sigrid Olsdotter Pillervikeie 1855-1941 dotter til Ole Iversen Pillervigseie. Frå 1878 vart Jacob og Sigrid nemnde som husmenn på Ulsletten, dei hadde 3 barn:

Knut f.1875

Eli f.1878

Eline f.1885

I 1900 budde Hans H Stade f.1818 i Nuggestugu, han var ugift og understøtta av fattigvesenet. Hans var son til Hans Hansen Stade 1785-1860 og Jørand Hansdr. Olstad s. 1788-1828.

I 1910 budde enkja Rønnaug Øy f.1829 i ei stugu ved Nugga. Dette kan vera Rønnaug Hansdotter 1831-1921 Gardsøy, dotter til Hans Olsen Øy 1784-1875 og Barbro Pålsdr. Blessom n. 1795-1869. Rønnaug var gift med Iver Hansen Lunde u. f.1819, han selde oppigard Lunde til nigard.

Nyheim gnr. 22 bnr. 5 vart frådelt frå Gardsøy i 1913 med skjøte til Kari Visdal for kr 450. Men alt året før hadde ho skrivi ut ein panteobligasjon på kr 1000. Kari 1863-1936 var frå oppigard Visdal, dotter til Kari Nilsdr. Visdal 1836-1908 og Jakob Johnsen Valde s 1814-1883.

I 1921 var det skjøte frå Kari Visdal til Augusta Holmbo for kr 9000.

Nuggestugu gnr. 22 bnr. 14 vart frådelt frå Nyheim gnr. 22 bnr. 5 i 1931 i samband med salg av Nuggestugu frå Augusta Holmboe til Anton Berg d.1965.

Nils og Reidar Berg fekk i 1965 hjemmel som testamentsarvingar etter Anton Berg. I 1985 fekk Reidar Berg f.1948 skjøte også på den andre halvdel.

Attverande eigedom av **Nyheim** gnr. 22 bnr. 5 etter at Augusta Holmbo selde Nuggestugu i 1931 er Augustahuset. I 1944 var det hjemmelsovergang til testamentsarving Hanna Tornberg som same året selde eigdommen til Vågå ysteri for kr 7500.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker, panteregister mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gardsøy – vollen

Gardstomte gnr. 22 bnr. 51, Øygardsvegen 13, vart frådelt frå Gardsøy i 1952 med skjøte frå Anne Øi til Torkill Kvarberg. I 1986 var det skjøte til Hans Kvarberg f.1938 og Liv Kraggerud f.1941, Torkill og Aslaug Kvarberg skulle ha bruksrett.

Øygardsvegen 16 gnr. 22 bnr. 1 bnr. 24 er feste som er oppretta i nyare tid til Geir Inge Stadeløkken.

Bjørkebakken gnr. 22 bnr. 24 Øygardsvegen 18 vart frådelt frå Gardsøy i 1939 med skjøte frå Anne Øi til Sig. Eriksen. I 1963 var det skjøte på gnr. 22 bnr. 24 og 42 samt gnr. 21 bnr. 20 frå Sigurd Alf Eriksen til Peer Dahl. I 1973 var det skjøte på det same til Ragnvald Frisvold.

Jensstueåkeren gnr. 22 bnr. 44 vart frådelt frå Gardsøy i 1950 med skjøte i 1951 til Jørgen Haugen f.1887. I 1969 var det skjøte til Olav I Haugen.

Ro gnr. 22 bnr. 66 Nuggevegen 9 vart frådelt frå Gardsøy og Jensstueåkeren i 1958 med skjøte frå Anne Øi og Jørgen Haugen til Ola Ulvolden.

Gardsøyvolden gnr. 22 bnr. 137 vart frådelt frå gnr. 22 bnr. 44 i 1976 med skjøte i 1977 frå Olav I Haugen til Vågå kommune. Erling Aasen fekk i 1977 festekontrakt gnr. 22 bnr. 137 f.nr. 1, dette er ein del av Nuggevegen 12.

Trond Ulvolden fekk i 1977 festekontrakt gnr. 22 gnr. 137 bnr. 2, dette er delar av tomta i Øyavegen 2.

Nuggevegen 14. Tomt nr. 3 gnr. 22 bnr. 142 vart frådelt frå gnr. 22 bnr. 44 i 1979 med gåvubrev i 1981 frå Olav I Haugen til Ingrid Lium f.1951. I 1984 var det skjøte til Sølvest Frisvold 1895-1988, Dagny Frisvold overtok ved uskifte. I 1991 var det skjøte til Gunnar Partapouli f.1935.

Utstillingplassen gnr. 22 bnr. 169. På dette tomteområdet med adresser i Øyavegen, Øyastubben og Nuggevegen er tomtene med festenr. 4, 5, 6, 7, 9, 11, 12, 13, 14, 17, 18 og 19 samt gnr. 22 bnr. 188, 189 og 244. Vågå kommune fekk i 1975 festekontrakt på vel 14 da festenr. 7, dette er truleg dette området.

Heimtun gnr. 22 bnr. 126, Øystubben 3 vart frådelt frå Gardsøy i 1970 med skjøte frå Anne Øi til Magnhild Skjellum f.1932.

Bjørkvoll gnr. 22 nr. 18 Vollvegen 21 vart frådelt frå Gardsøy i 1935 med skjøte frå Mari Øy til Hans Skjellum. Tilleggsareal gnr. 22 bnr. 30 vart frådelt frå Haugøy i 1943 med skjøte i 1961 til Hans Skjellum. Heimbu gnr. 22 bnr. 160 Vollvegen 19 vart frådelt som ei eige tomt i 1988. Borghild Skjellum overtok heimelen ved uskifte.

Murstad gnr. 22 bnr. 78 Vollvegen 25 vart frådelt frå Gardsøy i 1965 med skjøte frå Anne Øy til Vågå kommune og vidare same året til Kjell Berg.

Øitun gnr. 22 bnr. 121 Vollvegen 23 vart frådelt frå Gardsøy i 1970 med skjøte frå Anne Øy til Alf Øyen f.1933.

Vollvegen 27. Vågå kommune fekk i 1952 feste på 10 da frå Gardsøy, festekontrakta vart i 1961 transportert til OKB. På øvre del av tomta, Vollvegen 27 gnr. 22 bnr. 202 er det bygd omsorgsbustader.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Øygarden

Etter Norske Gardsbruk har slekta vore på Øygarden sidan omkring 1780 da Nils Andersen frå Sandum i Lom rydda der. I 1801 var Nils Andersen f.ca.1764 d.1847 skreddar og husmann med jord under øvre Øy. Soldat Nils Andersen vart 1789 gift med Mari Rasmusdotter f.ca.1766 d.1806. Nils og Mari hadde 6 barn:

Anders f.1790

Rasmus f.1793

Anne f.ca.1796

Hans f.ca.1799 d.1886, neste brukar

Ole f.ca.1802

Iver f.ca.1805

Hans Nilsen var i 1865 og 1875 husmann med jord under øvre Øy. Hans vart 1825 gift med Anne Iversdotter Raastadeige Einstulen 1801-1876 dotter til Iver Olsen Sandbugarden Einstulen f.ca.1775 d.1832 og Anne Olsdr. 1766-1852. Hans og Anne hadde 5 barn:

Mari f.1824 d.ca.1864, g.1847 m. Ole Olsen Haugen, Dovre f.1813. Storengen på Dovre.

Rønnaug f.1830, g.m. Ole Pedersen Lien f.1826. Til Lien i Holungsøyen.

Nils 1834-1834

Nils f.1835, g.1875 i Ålen med Mari Olsdr. Lundberg, Værmeland i Sverige f.1832

Iver 1840-1918, neste brukar

Iver var i 1900 og 1910 føderådsmann. Iver vart 1867 gift med Kari Rasmusdotter Grimstadeige 1825-1898 dotter til Rasmus Olsen, Skjåk. Iver og Kari hadde 1 barn:

Mari 1867-1947, neste brukar

Mari vart 1891 gift med Ole Olsen Brekken 1868-1942 son til Ole Iversen Brekken Rokkemoen 1836-1917 og Marit Gregoriusdotter Myrom, Skjåk 1844-1916. I 1900, 1910 og 1920 vart Ole nemnd som husmann. Mari og Ola hadde 7 barn:

Kari f.1891

Anne 1894-1969, g.m. Johan Jotun 1891-1971. Til Brumolykkja.

Ivar 1896-1976, g.m. Ragna Brudal 1899-1961. Til Vestre Gausdal

Olaf 1899-1992, g.m. Ragnhild Fagernes 1920-1995. Til Fagerli og systugu Lunde.

Marit f.1901

Hans 1905-1986, neste brukar

Kristian 1909-1990, g.m. Marie Rudi 1910-1988. Til Lundhaug.

Øygarden gnr. 22 bnr. 52 vart 1953 frådelt frå Gardsøy gnr. 22 bnr. 1 med skjøte frå Anne Øi til Hans O Øygarden 1905-1986 for kr 4200. Hans var den siste som budde på Øygarden.

I 1987 var det heimelsovergang til arvingane Olav Øygarden f.1899, Kristian Øygarden f.1909, barna til Ivar f.1896 (Astrid Kråbøl f.1921, Olav Øygarden f.1923, Oddbjørn Øygarden f.1931) og barna til Anne f.1894 (Julie Jotun f.1915, Mari Jotun Iversen f.1917,

Marit Jotun f.1919, Sigurd Jotun f.1922, Olaug Holø f.1926, Kari Jotun f.1928 og Olaf Jotun f.1932).

Samtidig var det skjøte til Olaf Øygarden f.1923, han overtok dermed etter onkelen Hans. Olaf var son til Ivar Øygarden og Ragna Brudal. Olaf var busett på Nes i Hedmark. Olaf vart 1947 gift med Astrid Nilsen, Vestre Gausdal f.1926, dei har 2 barn:

Ivar f.1947

Rune f.1957, neste eigar

I 1988 var det skjøte til Rune Øygarden f.1957. Rune vart 1985 gift med Hanne Sterud Senstad, Nes f.1961 dotter til Johan Senstad f.1930 og Anne Cissel Sterud f.1937. Rune og Hanne har 2 barn:

Hans Mattis f.1987

Ole Emil f.1989

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker, panteregister mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Øvre Øy – Haugøy, gnr. 22 bnr. 2

Oluff Øverøy vart nemnd i skattelister frå 1610 til 1625.

Sonen Jon Olsen var 81 år i 1666, dvs. f.1585 d.1684, koppskatten 1645 nemnde Jon. Jon var gift med Rønnaug Larsdotter Kvarberg d.før 1684 dotter til Jakob Larsen Kvarberg f.ca.1575 d.ca.1660. Dei hadde 4 barn:

Ola d.1708, neste brukar

Lars d.før 1708, til Bolstad

Rønnaug, g.til nordgard Blessom

Ymbjør

Ola d.før 1708 overtok Haugøy. Han var gift med Else Johannesdotter d.1717, dei hadde ikkje barn. I 1711 var det Else som stod oppført som brukar.

Neste brukar vart brorsonen Johannes Larsson Bolstad d.1719, han overtok etter 1711.

Johannes var gift med Torø Larsdotter uppigard Ner-Øy, dei hadde sonen

Lars f.ca.1717 d.1802, seinare brukar



Haugøy. Foto frå Hans Joramo.

Enkja Tore Larsdotter fekk skjøte i 1721 på Øverøy på til saman 3 huder inkl. 3 skinn som ho eigde frå før, prisen var 80 rd. pr. hud. Torø Larsdotter gifta seg opp att med Anders Jacobsen Austrem n. f.ca.1675 og dei dreiv garden i ca. 20 år. Anders og Tore hadde 3 barn:

Johannes 1723-1808, g.m. Gunhild Tjøstelsdotter Kleppe s. f.ca.1728 d.1814

Randi 1724-1805, g.m. Ole Olsen Raastad 1715-1797

Marit f.ca.1725 d.1818, g.m. Iver Jonsen Blessum s. f.ca.1709 d.1762

Anders Jacobsen Øy selde og skjøta øvre Øy 3 huder til stesonen Lars Johannessen i 1740, Anders og Torø fekk føderåd. Lars vart 1741 g.1.m. Kari Iversdtr. Kvarberg n. 1721-1753, dei hadde 4 barn:

Anne 1742-1745

Johannes 1745-1749

Anne f.1746

Johannes 1751-1754

Lars g.2.m. Torø Hansdtr. Valde n. d.1758, dei hadde 1 barn:

Kari f.1755

Lars g.3.m. Åste Tjøstolvdtr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802, dei hadde 5 barn:

Imbiør 1761-1851, g.m. Nils Fredriksen Strand n. 1764-1854, på Strand n.

Anne 1763-1850, g.1780 m. Ole Tordsen Harildstad 1758-1831, på Gardsøy

Johannes 1766-1842, neste brukar

Rønnaug 1769-1844, g.1792 m. Pål Tordsen Harildstad 1764-1843 (Eidsvollmann), Åmot Torø f.ca.1774, g.m. Iver Iversen Sandbu n-n 1769-1847, på Sæta

I 1789 vart det nemnd «uppigard eller nå nørdeste» Øy, dette tilseier at garden var flytta før dette.

Johannes 1766-1842 fekk skjøte på Haugøy frå faren i 1799, tinglyst i 1800. I 1803 forpakta Johannes bort Haugøy i 5 år til Paul Paulsen Blessom. Johannes selde i 1815 frå ½ hud sør for Nugga til systersonen på Gardsøy for 800 rbd. Johannes var g.m. Barbro Tordsdr. Harildstad 1769-1816 dotter til Tord Hansen Tolstad på Harildstad 1736-1818 og Berte Syversdr. Aasaaren 1739-1772. Johannes og Barbro hadde 1 barn:

Rønnaug nemnd i skifte i 1839

Johannes g.2.m. Anne Tjøstolvsdr. Kleppe 1788-1833, dei var barnlause.

Bror til Anne, Ola Tjøstolvsen Kleppe 1791-1865 overtok Haugøy i 1833. Han var gift med Gunhild Pålstr. Sve 1786-1854 dotter til Pål Tordsen Romundgard 1780-1861 og Anne Syversdr. Sve 1786-1854. Før ekteskapet hadde Ola med Barbro Gudbrandsdr. Rusnes 1799-1887 1 dotter:

Barbro 1828-1913, g.m. Ola Jonsen Valde n. 1822-1913, i Barbrostuguen

Ola og Anne hadde 5 barn:

Tjøstel 1832-1912, neste brukar

Anne f.1836, g.m. fehandlar Anders Einarsen Haganes (Sogn)

Marit f.1840, ugift i 1865

Pål f. 1843, g.1870.m. Marit Eriksdr. Rottensbakken f.1847

Kari f.1847 d.før 1875, g.1869.m. Johan Marcus Christophersen Marsten (Hole) f.1846

Tjøstel Olsen Haugøy 1832-1912, g.m. Ymbjør Hansdr. Lunde ø. 1827-1912 dotter til Hans Iversen Lunde ø. frå Viste f.ca.1785 d.1873 og Kari Olsdr. Siem 1799-1855. Ymbjør hadde før ekteskapet 1 barn med fehandlar Erik Ottesen Fjøsne (Sogn):

Kari 1864-1946, ugift, på Haugøy

Tjøstel og Ymbjør hadde 2 barn:

Ola 1868-1955, neste brukar

Hans 1871-1933, ugift

Ola Tjøstelsen Haugøy 1868-1955 overtok Haugøy frå faren i 1888. Han var gift med Anne Johnsdtr. Sagstuen 1890-1973, dotter til John Olsen Bukkesten f.1864 og Kari Jakobsdr. frå Lom f.1862. Ola og Anne hadde 5 barn:

Trygve 1914-1995, neste brukar

Ymbjørg f.1916, g.m. John J. Ødegården 1912-1990

Olav 1919-1966, ugift

Kristian f.1923, g.m. Ragna Bråten f.1923

Karen f.1923

Olav 1919-1966 var eigar av Haugøy frå 1953 til 1965. Broren Trygve 1914-1995 var eigar frå 1965 til 1995.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Tolstad og sygard Kleppe

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Engbret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hvaldeætt, Bondearistokrati i G-d.

Finnbrustugu

Finnbrustugu vart nemnd på 1700-talet. Ole Arnesen fekk i 1751 bygsel på plassen Findbrodstuen frå brukaren av Haugøy. Liste over husmannsskatt til kyrkja i 1780 viser Johan Finnbrustuen på ein plass under ein av Øy-gardane. Finnbrustugu har dermed vore på Haugøy-sida av Finna. Eit militærkart frå 1700-talet viser at Finnbrua den tida kan ha vore nedanfor kyrkja. Finnbrustugu vart heilt øydelagd under ofsen i 1789.

Ole Arnesen Finnbrustuen var gift med Åste Nilsson f.ca.1721 d.etter 1801, Aaste Finnbrustuen vart nemnd som fadder i 1747. Ole og Åste hadde 6 barn:

Brit f.1746, g.m. Erland Syversen Øvsteng Aabakken 1739-1820

Niels f.1749, g.m. Ragnhild Håmår n f.1745, g.2.m. Gunhild Jonsdtr. n. Valde 1757-1837.
til Klokkargarden.

Johan 1752-1804, neste brukar

Arne 1754-1800 g.m. Sigri Østenddotter f.ca. 1753 d.1836, til Pressmo

Rønoug f.1756-1827, seinare brukar?

Anders 1761-1763

Johan 1752-1804 var kanskje brukar i Finnbrustugu i 1780, han vart same året gift med Marit Nilsson nördre Grindstuen 1760-1805 og kom dit. Dei fekk 7 barn.

Rønnaug 1756-1827 vart 1783 gift med Amund Iversen. Amund vart nemnd som Finnbrustuen i 1783. Amund og Rønnaug kom til søre Grindstugu, dei hadde 2 barn:

Aaste f.1783, g.m. Poul Rasmussen. I Brekka.

Gunhild f.1797, g.m. Jacob Pedersen

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Fyrustuen – Elvheim

Under Haugøy gnr. 22 bnr. 2

Iver Hansen Sandbuhaugen f.1833 var i 1875 skreddar og budde i ei stugu under Haugøy. I 1900 vart stugu nemnd som Fyrustugu. Iver var gift med Anne Olsdotter f.1841. I 1910 budde Ivar og Anne i det som da vart nemnd som Damstugu. Iver og Anne hadde 6 barn:

Hans f.1861

Anne f.1864

Ole f.1867

Kari f.1871

Anders f.1874

Anton Damstuen f.1889

Anton Damstuen f.1889 var gift med Berte Sæther, dei hadde barna

Asmund

Ingvald

Ola

Else 1920-1994, g.m. Per Runningen f.1917

Hans

Leif

Elvheim gnr. 22 bnr. 23 Vollvegen 17 vart frådelt frå Haugøy i 1939 med skjøte frå Ola Haugøy til Anton Damstuen.

I 1955 var det skjøte til Leif Damstuen d.1970. Enkja Gudrun overtok hjemmelen ved uskifte i 1970.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Vågå ysteri

Vaagaa ysteri gnr. 22 bnr. 10 vart frådelt frå Haugøy i 1924 med skjøte til Vaagaa ysteri for kr 5000. Gnr. 22 bnr. 12 vart frådelt frå Gardsøy i 1927 med skjøte til Vaagaa fellesysteri for kr 500.



Ved gamle ysteriet. F.v. Kjell, Øyvinf og Torbjørn Andersen. Foto frå Kjell Andersen.

Vågåvegen 35 gnr. 22 bnr. 194 er frådelt bustadtomt i nyare tid.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Vågå innkjøpslag

Vågå indkjøpslag gnr. 22 bnr. 11 vart frådelt frå Haugøy i 1924 med skjøte til Vågå indkjøpslag for kr 100. I 1927 vart gnr. 22 bnr. 13 frådelt frå Haugøy med kjøpekontrakt til Vågå innkjøpslag for kr 2500, skjøte vart skrivi i 1934. Tilleggsareal gnr. 22 bnr. 61 vart i 1955 frådelt frå Haugøy og Brannvoll gnr. 22 bnr. 19 med skjøte i 1956 frå Olav Haugøy og Vågå brannkasse. I 1985 var Vågå innkjøpslag konkurs, og Vågå Autoservice AS overtok i 1986 med skjøte på gnr. 22 bnr. 11, 13 og 61.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Haugøy / Haugøyjordet

Bergstad gnr. 22 bnr. 34, Høynnåkervegen 14, vart frådelt frå Haugøy i 1945 med skjøte frå Ola Haugøy til Johannes Galstad f.1914. Hans Galstad og Elisabeth Alme overtok i 1984. I 1990 var det skjøte til Torleiv Oppen.

Bergstad II gnr. 22 bnr. 36, Haugøyjeilen 1, vart frådelt frå Haugøy i 1947 med skjøte frå Ola Haugøy til Johannes Galstad. Hans Galstad overtok med skjøte i 1984.

Bergstad III gnr. 22 bnr. 37, Haugøyjeilen 3, vart frådelt frå Haugøy i 1947 med skjøte til Johannes Galstad f.1914. I 1970 var det skjøte frå Johannes Galstad til Kari I Bråten.

Haugøyjordet vart frådelt frå Haugøy i 1968 og seld til Vågå kommune som selde tomter vidare i 1970. Dette er i Haugøyjeilen, Høynnåkervegen, Haugøyvegen og Nersløyngen gnr. 22 bnr. 95, 96, 97, 98, 99, 100, 101, 103, 104, 105, 106, 107, 108, 110, 111, 112, 113, 114, 115, 118, 119, 120 og 124.

Bjerke gnr. 22 bnr. 25, Øygardsvegen 11, vart frådelt frå Haugøy i 1941 med skjøte frå Ola Haugøy til svigersonen John Ødegården d.1990. Enkja Ymbjørg Ødegården fekk i 1990 tinglyst hjemmel ved uskifte.

Bjørkstad gnr. 22 bnr. 55, Øygardsvegen 5, vart frådelt frå Haugøy i 1954 med skjøte frå Olav Haugøy til Kristian Haugøy f.1923. Odd Kåre Haugøy f.1954 overtok med skjøte i 1991.

Bilkontoret. I 1949 vart det tinglyst leigekontrakt på 49 år til Ottadalen Bilag, dette var truleg Bilkontoret gnr. 22 bnr. 231/237 Vågåvegen 37. I seinare år er det frådelt tomt gnr. 22 bnr. 233 der det er bygd leiligheiter.

Rugstad gnr. 22 bnr. 47, Nuggevegen 8 vart i 1951 frådelt frå Haugøy, Gardsøy og Gardsvolden gnr. 22 bnr. 6 og 7 med skjøte i 1951 frå Kristian Haugøy, Anne Øy og Anne Olsen til Magne Løkken f.1923. Anne Lise Løkken f.1957 overtok i 1990.

Nuggevolden gnr. 22 bnr. 22 vart i 1939 frådelt frå Haugøy med skjøte i 1941 frå Ole T Haugøy til Torstein Myrum d.1989. Gnr. 22 bnr. 38 og 39 vart frådelt i 1947 og bnr. 62 og 63 i 1956, alt med skjøte i 1956 frå Olav Haugøy til Torstein Myrum. Margot Myrom overtok i 1989 ved uskifte. Nå er dette to tomter gnr. 22 bnr. 62 og 63, Vågåvegen 34 B og A.

Brannvoll gnr. 22 bnr. 19 vart i 1935 frådelt frå Haugøy med skjøte frå Ole Haugøy til Vågå brannassuransforsikring. Vollan gnr. 22 bnr. 56 vart frådelt i 1955. Bnr. 61 Vågå Innkjøpslag II vart frådelt i 1955. Haugvoll II bnr. 64 vart frådelt i 1956. Attverande areal inngår nå i Haugvoll gnr. 22 bnr. 64, Vågåvegen 34C.

Haugvoll gnr. 22 bnr. 40 vart frådelt frå Haugøy i 1949 med skjøte frå Ola T Haugøy til Einar Melby d.1981. Eldri Melby overtok ved uskifte i 1981. Haugvoll II gnr. 22 bnr. 64 vart i 1956 frådelt til dels frå Brannvoll gnr. 22 bnr. 19 og til dels frå Nuggevolden gnr.22 bnr. 39 med skjøte frå Brannkassa og Torstein Myrum til Einar Melby. Eignedommen er nå gnr. 22 bnr. 64, Vågåvegen 34C.

Vollan gnr. 22 bnr. 56 Vollvegen 8 vart i 1955 frådelt frå Haugøy samt noko frå Innkjøpslaget, Brannkassa og Villa med skjøte i 1955 til Pål Eide d.1967. Barbro Eide overtok hjemmelen ved uskifte i 1967.

Nordstad gnr. 22 bnr. 54 Nuggevegen 2 vart frådelt i 1954 med ca. 2/3 frå Haugvoll gnr. 2 bnr. 40 og 1/3 frå Haugøy med skjøte frå E Melby og Olav Haugøy til Magne Ødegården. I 1980 var det skjøte til Ann Jorunn Korsgaden f.1955 og Ove Steinar Korsgaden f.1948.

Flatmark gnr. 22 bnr. 48 Nuggevegen 6 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte i 1953 frå Kristian Haugøy til Hans O Damstuen 1908-1989. I 1990 var det hjemmelsovergang til Ragnar Damstuen f.1938, Odd Damstuen f.1940, Finn Damstuen f.1942, Aud Storbakken f.1943, Johan Damstuen f.1945, Audun Damstuen f.1950 og Astrid Haldis Damstuen f.1954.

Midttun gnr. 22 bnr. 49 Nuggevegen 4 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte i 1952 frå Keistian Haugøy til Trygve A Kleiven 1925-1982. Anne Kleiven overtok hjemmelen ved uskifte i 1982.

Kroken gnr. 22 bnr. 21, Nuggevegen 1 vart frådelt frå Haugøy i 1938 med skjøte frå Ole Haugøy til Kristoffer Syvergård d.1983. Marit Syvergård overtok ved uskifte i 1983.

Jørstad gnr. 22 bnr. 43 Vollvegen 10 vart frådelt frå Kroken gnr. 22 bnr. 21 i 1950 med skjøte i 1951 frå Kristoffer Syvergård til Johs Løkken 1894-1961. Enkja Kari Løkken overtok i 1961. I 1982 var det hjemmelsovergang til Ola O Sjellum, Barbro M Øvre f.1917, Ola M Sæta f.1918, Ivar Sæta f.1921, Mari Holt f.1926, Jenny Øvsteng f.1928 og Jon Sæta f.1931. Seinare i 1982 var det skjøte til Marit Renaa f.1921.

Sannerud gnr. 22 bnr. 46, Nuggevegen 5 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte frå Kristian Haugøy til Ola P Kleiven d.1978. Eit mindre areal vart samtidig frådelt frå Kroken gnr. 22 bnr. 21. Kari K Kleiven overtok hjemmelen ved uskifte i 1978. I 1979 var det skjøte til Sigurd Vistekleiven f.1949.

Sannerudhagen gnr. 22 bnr. 134 Nuggevegen 3 vart frådelt frå Sannerud gnr. 22 bnr. 46 i 1973 med skjøte frå Ola P Kleiven til dottera Bjørg Jørgine Hernæs f.1928. I 1979 var det skjøte til Kari K Kleiven f.1906 og i 1984 attende til Bjørg Hernæs.

Holland gnr. 22 bnr. 45 Nuggevegen 7 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte i 1952 frå Kristian Haugøy til Tor Dalen d.1984. Eit mindre areal vart samtidig frådelt frå Gardsøy. Marit Dalen overtok hjemmelen ved uskifte i 1984.

Steinset gnr. 22 bnr. 26 Vollvegen 9 vart i 1942 frådelt frå Haugøy med skjøte frå Ole Haugøy til Ole K Rindsæter. Eit tilleggsareal gnr. 22 bnr. 28 frå gnr. 22 bnr. 27 vart lagt til i 1943. I 1946 var det skjøte til Gudmund Berg.

Røisen gnr. 22 bnr. 27 Vollvegen 11 vart frådelt frå Haugøy i 1942 medan Finsrud gnr. 22 bnr. 29 vart frådelt frå Haugøy i 1943, baa med skjøte frå Ole Haugøy til Gustav Skindet. I 1970 var det skjøte frå Gustav Finsrud som han da heitte til Per Riste f.1921. Husa var da ikkje med og skulle nyttast av Gustav og broren Anton d.1971.

Stensvoll gnr. 22 bnr. 32 Vollvegen 15 vart frådelt frå Haugøy i 1943 med skjøte frå Ole Haugøy til Einar Bersvendstuen. I 1987 var det skjøte til Kjell f.1943, Svein f.1946, Helge f.1950 og Olav Bergnord f.1955.

Ytre gnr. 22 bnr. 67 Vollvegen 13 vart frådelt frå Haugøy i 1958 med skjøte frå Olav Haugøy til Sigurd Alf Eriksen. I 1979 var det skjøte til Randi Jorunn Bakke f.1945.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister